

Oppsummering frå Workshop 2015

Attraktive og berekraftige bumiljø i småbyar





Foto: Borgbilde Storaas Ones, Kvam herad

Forord

Det er eit nasjonalt mål å utvikle attraktive og klimavennlege by- og tettstادområde. Det vil seie gode og velfungerande stadar for folk og næringsliv, der berekraftige omsyn ligg til grunn for utviklinga.

Dette heftet drøftar utvikling av attraktive og berekraftige bamiljø i småbyar. Heftet byggjer på faglege innspel frå to kunnskapsnotat og ein workshop som Distriktscenteret tok initiativet til, hausten 2015.

Byar og tettstadar spelar ei sentral rolle med betydning for næringsutvikling og verdiskaping. Dei har funksjonar som er viktige for omlandet, og er drivkrefter for regional utvikling. 75 prosent av den norske befolkninga bur i dag i mellomstore og store byregionar. Stadig fleire bur i, og er forventa å bu i, byar og tettstadar. Dette gjeld også i småby- og tettstadregionar. Det er difor viktig å utvikle attraktive og berekraftige stadar over heile landet. Byog tettstadutviklinga har til no hatt storbyen som døme, men det er vesentlege skilnader mellom storby og småby. Distriktscenteret meiner det er viktig å vere bevisst på dette. Prinsipp og løysingar må fungere både for store og små, og leggje til rette for at folk skal bli buande. Til dømes tek byutvikling i storbyen utgangspunkt i større konsentrasjon av folk og marknadar, medan kjenneteikna for småbyen er større avstand, færre folk og mindre marknadar. Og medan byutvikling i storby-område må handtere vekst, vil småby-regionen ha fokus på å styrke vekst.

Byidentitet og bykultur er i større byar utvikla og forsterka gjennom lang tid, medan mindre tettstader står med ein fot i bygda dei eingong var, og ein fot i småbyen dei er i ferd med å bli.

Kvalitetane til storbyen handlar særleg om tilgang til breie tilbod og mangfald i arbeidsmarknad, tilbod og menneske. Kjenneteikn for småbyen er nærliek til folk og natur, effektiv kvardagsflytning og eigarskap til staden.

I workshop drøfta vi utvikling av attraktive og berekraftige småbyar å bu i, i lys av generelle prinsipp og særlege kjenneteikn ved småbyen.

Heftet er avgrensa til å diskutere utvikling av attraktive og berekraftige småbyar å bu i. Næringsattraktivitet i småbyen vart ikkje drøfta. Det er viktig å streke under at balansen mellom buattraktivitet og næringsaktivitet er sentral for utvikling av stadar, og må sjåast i samanheng.

Føremålet er å skape grunnlag for diskusjon om og forståing av attraktive og berekraftige småbyar å bu i. Heftet er ei samanstilling av ulike innspel frå fagmiljø og praksisfelt. Det kan difor ikkje lesast som ei forskingsbasert analyse.

Distriktscenteret takkar deltakarane i workshop for gode drøftingar, Gehl Arkitekter for bidrag til samanstilling, fagleg innhald og form. Og ikkje minst takkar vi eksempelkommunane som har bidrege med foto og innspel til tekst.

Dette heftet er eit samarbeid mellom
Distriktsenteret og Gehl Architects. Gehl
Architects har oppsummert etter faglege
innspel frå notat og workshop om "Attraktive
og berekraftige bamiljø i småbyen".
Distriktsenteret har samla inn og skrive
inspirasjonseksempla frå norske småbyar.
Februar 2016.

Forside foto nederst til høgre:
Falkeblikk/Tore F. Lie

Distriktsenteret

Ogndalsvegen 2,
7713 STEINKJER
Tlf: 48 16 82 80
post@kdu.no

Kontakt: Trude Risnes



Gehl Architects ApS

Vesterbrogade 24
København, Danmark

www.gehlarchitects.dk

Kontakt: Ewa Westermark & Louise Vogel Kielgast



INNHOLD

Forord	3
“SWOT” - potensial / styrkar / svakheiter / utfordringar	6
Introduksjon & oppsummering frå workshop	8
10 utfordringar	9
1. Ein “rurban” identitet	10
2. Enebustadar dominerer	12
3. Spreidde sentrumsområde	14
4. Sentrum utan liv	16
5. Parkering dominerer	18
6. Vanskeleg å bli kvitt bilen	20
7. Introverte småbyar	22
8. Den globale småbyen	24
9. Manglande ressursar og kompetanse	26
10. Vanskeleg å gå fra visjon til realisering	28
Referensar	30

"SWOT" *

- Eit raskt blikk på utviklingshøva
for småbyen

Styrkar

Sterk kjensle av å høyre til
Lokal stoltheit
God oversikt over aktørar
Stor grad av tillit
Mange frivillige
Nærleik til natur

Mogelegheiter

Brei mobilisering blant lokale aktørar
Frå reaktiv til proaktiv planlegging
Visjonar og strategiar som blir eigmeldt
Raske resultat

* SWOT: Strength, Weakness, Opportunity, Threats

Svakheiter

Store avstandar

Få menneske

Fleire eldre og færre unge

Mangel på arbeidskraft & arbeidsplassar

Mytar om småbyen

Risiko

Bilbasert planlegging

Avhengig av investeringar og dermed frykta for å seie nei

Manglende langsiktig planlegging

Å halde fast i det gamle framfor å skape nytt

Introduksjon

Oppsummering frå workshop

Oppbygging og mål med heftet

Dette heftet oppsummerer problemstillingar og drøftingar som kom fram under workshop om "attraktive og berekraftige bumiljø i småbyen". I denne samanhengen definerer vi småby som tettstad med inntil 15.000 innbyggjarar. Målet er å styrke forståinga av kva attraktiv og berekraftig byutvikling i småbyen kan vere, og å omsetje kunnskap til handling.

Eit sentralt punkt frå samlinga var at utviklingsarbeid med å skape attraktive og berekraftige bumiljø i småbyar, må ta utgangspunkt i dei særeigne utfordringane som finst på staden. Det kan ofte vere skilnad på idé og verkelegheit. Oppsummeringa er difor sentrert omkring ti utfordringar, som er aktuelle for mange småbyar. Heftet startar med kva utviklingsmogelegeheter småbyen har; framstilt i SWOT-format.

Deretter går vi gjennom dei ti sentrale utfordringane; forklaring om kva utfordringa går ut på, forslag til løysningar i form av tiltak og nye arbeidsmåtar, i tillegg til inspirasjonseksempel. Alle eksempla er henta frå norske småbyar. Det er ikkje noko portrett av tettstadane, men ei skildring av den spesielle innsatsen som er gjort innanfor eit område.

Lengst bak i heftet er ei referanseliste med rapportar og undersøkingar, som vart synt til i innlegg under workshopen.

Program frå workshop

- Kva har Framtidens bygder lært oss?
Alf Waage, prosjektleiar Framtidens bygder, NAL.
- Attraktiv småby med menneska i sentrum.
Ewa Westermark, arkitekt og partnar i Gehl Architects.
- Berekraftig transport i ein rural kontekst.
Anders Tønnesen, forskar, Transportøkonomisk institutt (TØI)
- Berekraftig byutvikling i Fosnavåg.
Jarl Martin Møller, utviklingsleiar i Herøy kommune.
- Tette, grøne og blå bumiljø i Bø.
Kristin Karlbom Dahle, arealplanleggjar i Bø kommune.

Deltakarar

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Husbanken, TØI - Transportøkonomisk institutt, NAL – Norske arkitekters landsforbund, Gehl arkitekter, Akershus fylkeskommune, Oppland fylkeskommune, Nordland fylkeskommune, Skedsmo kommune, Kvam herad, Bø kommune, Herøy kommune og Distriktsenteret.

10 utfordringar for småbyar

Ein "rurban"
identitet

1.

Einebustaden
dominerer

2.

Spreidde
sentrumsområde

3.

Sentrum utan liv

4.

Parkerings
dominerer

5.

Vanskeleg å
bli kvitt bilen

6.

Introverte
småbyar

7.

Den globale
småbyen

8.

Manglande
ressursar &
kompetanse

9.

Vanskeleg å
gå frå visjon
til realisering

10.

1 / Ein "rurban" identitet

Dilemma: Konkrete strategiar og planar for å skape attraktive og levande småbyar er i tida, men desse planane, blir ofte møtte med førestillingar om at dei urbane kvalitetane ikkje er noko som høyrer heime i småbyen.

Noreg har ikkje den same, lange byhistoria som mange andre europeiske land. Nordmenn har dermed ikkje den same tradisjonen og erfaringa med å bu tett saman.

Dei siste tiåra har det skjedd endringar i bumønsteret; småbygder har vakse seg til mindre tettstadar. I dag bur meir enn 80 prosent av innbyggjarane i tettbygde strøk og tettstadar. Folkeveksten er størst i Oslo, Bergen, Stavanger, Trondheim og storbyområda, men også mindre tettstadar opplever ein auke i talet på innbyggjarar.

På grunn av at vi manglar erfaringa med å bu tett saman, blir førestillingane om det urbane noko diffus og vanskeleg å gripe tak i. Konsekvensen kan ofte bli at nye visjonar og strategiar, med det målet å skape attraktive og berekraftige småbyar, blir møtte med ein viss skepsis.

Kva er dei urbane kvalitetane? Mange vil assosiere urbanitet med høge bygg, fortetting og kafékultur. Urbanitet handlar i høg grad om nærliek mellom menneska, og behøver ikkje bety bygningshøgde og tetthet. Såleis kan ein også oppleve urbane kvalitetar i småbyen.

Når ein bur i eit lite bysamfunn omkransa av stor natur og mykje "ledig" areal, kan det kjennast framandt å snakke om behovet for å fortette sentrum og utnytte areal og fasilitetar meir effektivt. I takt med at bygder veks til småbyar, melder det seg ein del spørsmål:

- Kva vil det seie å leve i urbane omgjevnadar?

- Kan desse kvalitetane sameinast med tidlegare bygdeidentitet og – kultur?

- Kva slags kvalitetar og særtrekk medsmåbyen ønskjer vi å ta vare på, og korleis skal dei smelte saman med urbane kvalitetar?

Alle er opptekne av å ha eit godt tenestetilbod, ein variert detaljhandel og eit sentrum prega av liv og aktivitet, der ein møter folk og kan vere sosial. Det er difor mykje som tyder på at det er omgrep og ikkje nødvendigvis løysingane, som er framande. Det finst fleire gode eksempel på at små bygder har utvikla seg med utgangspunkt i fordelane staden har frå naturen si side.

Etablere nye møteplassar

Generelle endringar og utfordringar i samfunnet påverkar ikkje berre storbyane, men også måbyane. Det gjeld behovet for miljøriktige strategiar og løysingar, men det gjeld også behovet for å etablere nye felles møteplassar, der alle – også det aukande talet innvandrarar – kan møtast.

Attraktiv og berekraftig småbyutvikling er ein fordel når det gjeld å trekke til seg folk og ressursar, i tillegg til å behalda dei som alt bur i småbyen.

Gode grep



**Dialog om bykvalitet i
menneskeleg skala**

Tiltak, arbeidsmåtar & verktøy

- * Erfaringsutveksling - ikkje berre mellom småbyar, men også mellom små- og store byar.
- * Fokus på visjonsfase, som også inneholder diskusjonar om samfunnsutvikling i breiare perspektiv.
- * Sosio-kulturell stadaralyse, som forankrar byutviklinga i ein bestemt lokalitet, og synleggjer bykvalitetane, som innbyggjarane opplever som viktige.
- * Definere urbanitet ut frå dei verdifulle kvalitetane innbyggjarane set pris på i småbyen, og ikkje berre leggje vekt på kor høge bygningane kan vere og kor tett dei skal stå.

Inspirasjon

Svolvær – frå fiskerihovudstad til urban by

Svolvær med 9.250 innbyggjarar, er den mest urbane og tettaste småbyen i Lofoten, Nordland. Samstundes er den storslårte naturen sterkt nærverande i det urbane bybiletet. Dette gjer staden attraktiv både for innbyggjarar og turistar. Det er eit uttalt mål at det skal bu menneske i sentrum, og folkesetnaden skal spegla mangfaldet i byen, gjestfridom og dynamikk. Det blir difor lagt vekt på at også unge og barnefamiliar skal kunne bu i sentrum. Sentrum har dei seinare åra fått mange nye bustadar. Kommunen har lagt vekt på høg utnytting av bygningsvolumet langs bryggja i sentrum, med næring i første etasje og leiligheter over. Gamle sjøboder er restaurerte, tekne vare på og blir brukt av restaurantbransjen. Kaféar og butikkar vender ut mot torget, som er hjarta i byen. Det intime og tette sentrumet er med på å gi staden eigenart og identitet. Samstundes som det blir satsa på det urbane, beheld ein det unike og særprega, med naturen som bakteppe. Tradisjonelle maritime næringsverksemder er ein viktig del av bybiletet, saman med dei lokale fiskebåtane som ligg til kai ved torget. Lyssetjing av fiskehjellene på kvelden er eit eksempel på

kunstnariske uttrykk som byggjer opp om den stolte identiteten til staden, og som bidreg til at historia om byen og folket i Lofoten held fram som noko meir enn eit kulturminne. Svolvær har valt miljøriktige strategiar og løysningar. Offentlege bygg og servicefunksjonar som skular, kulturskule, bibliotek og nytt kombinert kulturhus og hotell har fått sentral plassering i sentrum. Dette er viktige grep for å sikre at sentrum blir brukt av ungdom i kvardagen, og at bygningsmassen opnast for fleir bruk og synergি. Kjøpesenter og volumkrevjande handel er lokalisert heilt inne i sentrumsområdet. I sentrum er det gang- og sykkelavstand til det meste.



2 / Einebustaden dominerer

Dilemma: Folk som bur i eller flyttar til småbyen, er ikkje ei homogen gruppe. Dei har ulike behov og ønskje for bustad. Tilbodet av ulike bustadar og bustadformer i småbyen er derimot avgrensa.

Behov for nye hustypar

Ein bustaden er den dominerande bustadtypen i typiske småbyregionar, og også mykje etterspurd. Samstundes aukar behov og ønskje om andre bustadtypar og buformer. Eit einsidig bustadtilbod dominert av einebustadar, er difor ei utfordring for å trekke til seg og halde på folk. Dette kan til dømes gjelde både unge, eldre og einslege forsørgjarar. Ein studie om bustadpreferansar i distrikta, syner at kvalitetar ved staden og buminiljøet er viktige når folk bestemmer seg for kor dei vil bu. (Studien er gjort av NIBR på bestilling frå Distriktsenteret. Sjå side 32.)

Kva desse stadtvalitetane er vil avhenge av livsfase og flyttesituasjon, men nærleik til natur, nærleik til sentrumsfunksjonar, tilgang til breie arbeidsmarknadar er generelt viktige. Også andre kvalitetar blir trekt fram, slike som sosiale buminiljø, levande sentrum og større variasjon i bustadar, med særleg behov for utleigebustadar.

Mangfold krev større variasjon

Større mangfold blant innbyggjarane i småbyen, og meir nyanserte bustadpreferansar, er viktige drivrarar for meir varierte bustadtilbod i småbyen. Det er likevel utfordrande å få til større variasjon: Mange kommunar ønskjer å vere særleg attraktive for småbarnsfamiliar og prioriterer feltutbygging av einebustadar utanfor tettstaden. Einebustaden står sterkt, men kan også skugge for andre behov. Dessutan vil tilrettelegging av mindre, sentrumsnære bueiningar også vere med å frigjere einebustadar. Slik kan eit større mangfold i tilrettelegginga gi betre tilbod for fleire grupper.


Dei siste åra har det likevel vore ei vekst i leilegheiter og mindre bueiningar i småbysentra. Leilegheitsutviklinga er særleg tilpassa målgruppa 50+. Denne gruppa er ei viktig drivkraft i småbyen, har ofte god kjøpekraft og bustadtilbod blir utvikla i tråd med deira behov og ønskje. Det betyr dverre også at nye, sentrumsnære bustadar ofte blir for dyre for andre innbyggjargrupper, som også ønskjer å bu i eller nært sentrum. Dei nye bustadane/bustadområda er kanskje heller ikkje utforma på ein slik måte at dei er attraktive for andre aldersgrupper.

Ei anna avgrensing er knytt til at det framleis er skarpe skilje mellom bustad og næring. Det er ikkje i samsvar med korleis mange menneske lever sine liv i dag. Moderne teknologi har ført til at arbeidsliv og privatliv flyt meir saman, og gjer det mogeleg å arbeide frå ulike stadar. Difor er det behov for fleksible løysingar der ein kombinerer bustad og næring/kontor.

Spreidd bustadmønster på godt og vondt

Også i småbyregionane er det ein tendens til at fleire ønskjer å bu i eller nært kommunesenteret. Samstundes vil spreidde og frittliggjande ustadar framleis vere attraktive for enkelte befolkningsgrupper. Mange kommunar ønskjer å tilby begge deler. Eit viktig innspel til slike strategiske val, er å kartlegge kva tilbod det faktisk er behov for, og i kva grad ulike satsingar kan støtte oppunder målet om levande sentra med effektiv arealbruk og mindre biltransport. Det må planleggjast slik at fleire kan sykle og gå til sine daglege gjeremål.

Gode grep



Variasjon i bustadtilbod

Tiltak, arbeidsmåtar & verktøy

- * Utvikle større variasjon i bustadtypar og legge til rette for nye buformer
- * Bustadpolitiske planar som sikrar større variasjon (eigarformer, storlek og pris)
- * Målgruppeanalyser som avklarer behov og ønskje. Slike analyser er nyttige verktøy for private utbyggjarar for å vurdere marknaden
- * Reversere arealplanar som berre fører til meir spreidde småbyar
- * Samarbeid på tvers av kommunegrenser for å sikre sammanheng mellom bustad og arbeid
- * Stimulere til bruk og omsetnad av ledige, men ikkje tilgjengelege bustadar

Inspirasjon

Tett, grønt & variert bumiljø i bygdebyen Bø

Variert bustadutvikling med fokus på sentrum og sentrumsnære område er ein viktig strategi for Bø kommune, Midt-Telemark. Nær halvparten av dei 6000 innbyggjarane i kommunen bur her, i tillegg kjem vel 2000 studentar. Bø kommune sin bustadpolitiske plan peiker på eit mishøve mellom tilgjengelege bustadtypar og ønske og behov i framtida. Dei skildrar tiltak for å handtere dette. «Nærare 80 prosent av bustadmassen er einebustadar. Samstundes veit vi at ein aukande folkesetnad ønsker seg andre bustadtilbod, helst i sentrum eller nær til sentrumsfunksjonar - og gjerne utleigebustadar», seier arealplanleggar Kristin Karlbom Dahle. Bø kommune har arbeidd systematisk med fortetting av kvartal, regulering for sentrumsbustadar, restriksjonar mot bustadfelt utanfor gang- og sykkelavstand til skule og sentrum, og krav til at detaljhandel skal lokaliserast innanfor sentrumssona. Snart står eit nytt nærings- og bustadbygg klart. Prosjektet omfattar 18 leilegheitar, i ulike storleikar, fordelt på to bygg. 1. etasje blir forretningslokale, leilegheiter i 2. og 3. etasje. I andre delar av sentrum blir det bygt nye byggardar med kombinasjon av næring og bustadar, og

eksisterande byggarar blir renovert og utvikla som kombinerte forretnings-, kontorog buareal. Samstundes planlegg høgskulen, saman med kommunen og gode naboar, campusområde med mellom anna studentbustadar og ny kunnskapspark. Bø har også fokus på bumiljøet: Eit eksempel er stadutviklingsprosjektet «Rom for alle», som omfattar Bø torg og friluftsområdet Evjudalen. Dette er blitt populære møtepunkt og aktivitetsområde for alle delar av folkesetnaden. Ei frikjøpsordning har bidrege til å gjøre dette mogeleg. Ordninga går ut på at gardseigarane kan bli fritekne frå å utvikle ute- og oppholdsareal på eiga tomt, mot å bidra inn i friluftsområdet.



Foto: Langli Design for PBBL

3 / Spreidde sentrumsområde

Dilemma: Eit konsentrert sentrum er ei føresetnad for å skape meir attraktive og berekraftige småbyar, men det kan vere vanskeleg å trekke sentrumsgrensa og takke nei til viktige investeringar utanfor sentrum.

Finn bygrena

Ei heilt grunnleggjande utfordring for mange småbyar er å teikne inn bygrena, finne ut kva type sentrum ein ønskjer å skape og ikkje minst; kven dette sentrumet skal vere attraktivt for. Fleire småbyar ønskjer på den eine sida å skape attraktive sentrum for innbyggjarane, på den andre sida å skape eit sentrum som er attraktivt for forbipasserande langs gjennomfartsvegen - i konkurransen med nabokommunane. Kva målgruppe ein planlegg for, har stor innverknad på kor grensene skal trekkast og kva type sentrum ein vil skape. Plassering av funksjonar innanfor eit definert sentrum kan også ha stor innverknad på kvaliteten på sentrumet. Feilplassering av viktige funksjonar, kan medverke til at folk blir unødig spreidde. På den måten kan mange tynt befolka sentrum fortone seg som stadar utan liv, noko som er lite attraktivt.

Lokalisering utanfor sentrum


I dag er mykje lokalisert utanfor sentrum. Det gjeld bustadar og kontor, men også i stor grad kjøpesenter. Når ein investor kjem med forslag om å bygge eit nytt kjøpesenter ved gjennomfartsåra utanfor sentrum, er det lett å takke ja framfor å halde strengt på at slike funksjonar må lokaliserast innanfor sentrumssona. Dette mishøvet speglar at byutvikling og næringsutvikling i for liten grad blir sett i samanheng. Ein del av kommunen arbeider

med å skape eit kompakt og attraktivt sentrum, medan den andre delen av kommunen har fokus på å skape vekst og tiltrekke arbeidsplassar til kommunen.

Sentrum, satelitt og transportbehov

Utfordringa med å skape eit kompakt sentrum, er ikkje berre ein konsekvens av konkurransen med andre småkommunar i nærleiken. Det er mange døme på at innanfor ein enkelt kommune finst fleire sentrum som konkurrerer med kvarandre. Mange småbyar manglar ein klar strategi for kva forholdet mellom sentrum og mindre satelittar skal vere. Kompakt utvikling og fortetting kan i følgje forskar Anders Tønnesen frå TØI, ta mange former. Det er godt å gjøre sentrum tettare, meir kompakt, men det er like viktig å sjå på det som skjer utanfor sentrum. Spreidde busetnadsmønster betyr også meir arealbruk. I mange kommunar blir det bygt satelittar som også skaper eit stort transportbehov, som typisk nok berre kan løysast med auka bilbruk. Det er difor utfordrande å skape levande sentrum når bilene er avgjerande for å få kvardagen til å gå opp. Det er viktig å leggje til rette for folk, ikkje berre bil.

Gode grep



Klare prinsipp for sentrumsoner

Tiltak, arbeidsmåtar & verktøy

- * Kartlegge dei ulike typar sentruma innanfor kommunen; deretter fastleggje innbyrdes rolla og funksjon
- * Klare retningsliner for lokalisering av sentrumfunksjonar, destinasjonar og offentlege funksjonar slik at dei får ein betre samanheng og innbyrdes synergi
- * Klar kommunikasjon om sentrumsgrensa og betydninga av ho
- * Bedre koordinering mellom bustadutvikling og næringsutvikling
- * Samlokalisering kan bidra til eit breiare tilbod av tenester og opplevingar, og sikre ein effektiv bruk av ressursar og fasilitetar
- * Meir samspel mellom kommune og lokale aktørar - både næringsliv og innbyggjarar

Inspirasjon

Tett og triveleg i Norheimsund

Norheimsund i Kvam, Hordaland, med 8500 innbyggjarar fekk i 2013 Statens pris for attraktiv stad. Eit tett og levande sentrum med god tilgang til fjorden vart framheva som markert trekk og kvalitet ved staden. Det er eit resultat av ein medviten og konsekvent arealpolitikk over lang tid. Arealstrategiane for tettstads- og bustadutviklinga er forankra i kommuneplanen. Her er ein tydeleg sentrumssone definert. Alle offentlege og private tenestetilbod, samt detaljhandel skal lokaliserast i sentrum eller innanfor 10 minuttars gåavstand frå sentrum. Arealkrevjande næring skal lokaliserast i utkanten av sentrum. Norheimsund har stått imot kjøpesenterpresset og klart å ta vare på eit mangfald av butikkar langs hovudaksane. Rett nok er eit mindre butiksenter etablert, men som ein integrert del av handlegata. I hovudgata er no også biblioteket lokalisiert, som kan syne til god auke i utlån- og besøkstal. Eit anna grep som Norheimsund ser ut til å meistre godt, er å byggje tett når staden veks. Overskotsmasse frå vegprosjekt i regionener

er brukt til utfylling og har gjort det mogeleg å utvikle eit fjordnært sentrum med attraktive bustadområde, badepllass, gjestehamn og ein universelt tilgjengeleg fjordsti. Bustadpolitikken støttar det kompakte sentrumet ved å vere konsekvente på at einebustadar berre kan byggjast utanfor sentrumssona og utanfor området definert som 10 minuttars gåavstand. Særleg gode bustadområde blir likevel definert til ikkje å ha meir enn 20 minuttars sykkelavstand frå sentrum, og med etablerte gang- og sykkelvegsystem.



Foto: Borghild Storaas Ones, Kvam herad

4 / Sentrum utan liv

Dilemma: Meir liv i sentrum er viktig for å skape attraktive småbyar, men mange menneske er slett ikkje i sentrum; dei er på kjøpesenteret, på skulen eller i sportshallen.

Det negligerete liv

Mange sentrum i småbyar blir opplevd som å vere utan liv. Det er ingen som går i hovudgata, og fleire sentrum slit med nedlegging av butikkar. Det betyr ikkje at det ikkje er potensial for liv, men dei stadane folk samlar seg er anten utanfor sentrum, eller ikkje synlege i gatebilete. Ein analyse av småbyar i Danmark syner at daglegvarebutikken er stadar med stort potensial for byliv.

Byromma er overdimensjonerte i høve til menneskemengda som bur på staden. Det er spesielt synleg i mindre småbyar der færre menneske gjer at byromma fort verkar forlatt og utan liv.

Byliv - ikkje berre butikkliv

I mange mindre byar er hovudgata med butikkane hjarta i sentrum, og ein tenkjer dermed at butikkliv er lik byliv. Dette er ei utfordring i dag, når detaljhandelen møter konkurranse frå netthandel og stor butikkjeder. Ikkje minst i småbyar der det ikkje er menneskemengde stor nok til å oppretthalde eit breitt utval av butikkar. Det betyr at det ikkje er butikkane åleine som skal bidra til å gjøre småbysentrum levande, men at det er bruk for ein større grad av mangfold i opplevingar i bysentrum.

I mange småbyar er det avgrensa bilfrie areal, store parkeringsplassar er ofte dominerande og lite innbydande til anna aktivitet enn parkering. Ein må planleggje for fleire målgrupper – samstundes.

Folk vil ha bilfrie gater

Ei undersøking Hordaland fylkeskommune gjorde i 2013, synte at berre 20 prosent av dei spurte i Hordaland føretrakk "sentrum som kjøpesenter". Heile 80 prosent ønskte seg sentrum som "ein liten by med gater og plassar". Ei bylivsundersøking frå Oslo i 2014, syner at det er ein klar samanheng mellom bilfrie gater og trivsel. Folk trivst i område som ikkje er dominert av bilar, der mange menneske bur og med aktivitet på gatenivå. Mange småbyar har derimot lite bilfrie areal. Store parkeringsplassar kan fort dominere sentrum og inviterer til lite anna aktivitet enn parkering.

I dei siste åra har det skjedd ein markant auke i talet på kaféar – også i dei nordiske byane med kaldare klima. Kaféliv er eit etterspurt tilbod også i småbyen, blant anna som lågterskelmøteplass for tilflyttarar og andre. Nokre menneske ønskjer grøne areal; ikkje nødvendigvis i form av større naturområde utanfor sentrum, men også mindre område i sentrum, der ulike aktivitetar kan utfalde seg.

Generelt er det behov for større grad av mangfold i høve til rom, funksjon, aktivitetstilbod og arrangement. Ein må ha fleire tankar i hovudet – samstundes: Det same området kan nyttast til ulike føremål og for ulike grupper til ulike tider av døgnet og året.

Gode grep



Syn fram livet som finst og opne opp for mangfold av aktivitetar

Tiltak, arbeidsmåtar & verktøy

- * Skape føresetnadar for og arrangere ulike typar arrangement
- * Planlegge møtestadar etter behov frå ulike brukargrupper
- * Tilpassa omfanget etter menneskemengda - byrom som skaper nærleik mellom menneske
- * Aktivitet på gateplan (bustadar, kontor, butikkar og kulturfunksjonar) kan bidra med liv
- * Skape attraktive byrom rundt ulike sentrumsfunksjonar, som til dømes kollektivknutepunkt
- * Planlegge for ulike typar av grøne område og rekreasjonsområde - også i sentrum
- * Ta i bruk 'Barnetråkk' og andre liknande verktøy for å forstå åtferda og behovet til ulike brukargrupper

Inspirasjon

Landsbyen Ringebu - med aktivitet i sentrum

Ringebu kommune, Oppland, har dei siste åra styrka sær preg og attraktivitet gjennom at dei har ei aktiv satsing på å ta i bruk uteromma i landsbyen. Brukarmedverknad er viktig og dei har lukkast med å involvere både private, næringsliv og kommunen. Ringebu kommune fekk Statens bymiljøpris i 2011 for satsninga. Aktivitet skaper folk! Uteromma i sentrum blir brukt aktivt i mange arrangement. Kommunen har jobba målretta med å betre og utvikle møteplassar og uterom, ved å gjere tettstaden brukarvenleg og visuelt attraktiv, samt å utvikle møteplassar på tvers av generasjonar. Med imponerande frivillig innsats og samarbeid med næringslivet, er det aktivitet i gågata kvar laurdag heile sommaren. Kvart år blir det laga program med sosiale og kulturelle aktivitetar i sentrum; til dømes festivalar og marknadsdagar, som er knytta til lokalkultur og sær preg. Det er ein vellukka balanse mellom ulike behov frå lokalfolkesetnaden og den sesongvis store

mengda av fritidsbrukere. Dette er viktig når kommunen har like mange fritidsbustadar som fastbuade. Kvartalsstrukturen i sentrum er tydeleg og utgjer særpreget til Ringebu. Strukturen gir komprimerte uterom og mogelegeheter for ma nge uformelle og ulike møteplassar. Trafikkfrie område er attraktive møteplassar, og handelsstanden har fått auka omsetnad etter at gågata vart etablert.



Foto: Britt Åse Høyesveen, Ringebu kommune

5 / Parkering dominerer

Dilemma: I småbyar og tettstadar er det ofte ikkje andre mogelegheiter enn å ta bilen inn til sentrum. Mange og spreidde parkeringsplassar står i konflikt til utvikling av levande sentrum der folk trivst.

Spreidd parkering

Det er eit utbreidd fenomen i mange småbyar at bilane er spreidde og står parkert over alt. Det fører til at bybiletet er dominert av parkerte bilar - og biltrafikk. Folk er vande med å parkere bilen ved den første stoppestaden for deretter å ta bilen vidare til neste, sjølv om det i realiteten er snakk om korte avstandar. Parkeringsplassar over alt i sentrum er med på å halde oppe ein slik praksis, fordi folk opplever at dei ikkje blir oppmoda til å gå mellom dei ulike plassane. Langt frå alle parkeringsplassane i småbyen blir brukt til alle tider av døgnet. Desse areala representerer ein unytta ressurs.

Parkeringsproblematikken representerer ei stor uro for mange; ikkje minst i detaljhandelen som meiner at bilparkering er ei føresetnad for å overleve. Det er ikkje mykje kunnskap i dag om eventuelle samanhengar mellom handel og transport i ein småbykontekst. Derimot har CIENS gjort en undersøking, som syner at det er ikkje mangel på parkeringsplassar som legg sentrum aude, men konkurransen mellom sentrum og kjøpesenter utanfor byen.

Undersøkingar TØI har gjort i Trondheim, syner følgjande samanheng mellom handel og transport: Kjøpesenter er basert på bilbruk, medan kollektivtreisande handlar i sentrum. Satsing på sentrum vil vere eit viktig tiltak ut frå eit klimaperspektiv, og vil også gjere småbyen meir attraktiv å bu i. Når det gjeld samanhengen mellom forbruk og transportform, syner

undersøkinga at bilstatar handlar mest for kvar handletur, men at andre trafikantar handlar oftare – og at dei dermed samla sett legg att meir pengar for kvar månad eller år.


Gjer gåturen til ei positiv oppleveling

Gåavstanden mellom parkering og endestopp er ikkje ein absolutt storleik, men kan påverkast av korleis strekninga er. Gir gåturen positive eller negative opplevelingar underveis? Moment som trekkjer ned er om det er lang ventetid når vegar skal kryssast, om det er ein omveg eller om det er kjedeleg; rett og slett mangel på sanseintrykk. Utforming av ein meir attraktiv gangveg kan difor vere med å redusere behovet for spreidd parkering i småbyane.

Samarbeid om parkeringsareal

Det er behov for ein meir proaktiv åtferd i høve parkering. Mange butikkeigarar og andre private eigendomseigarar, ønskjer parkering tett på butikk og bygningar. I småbyar med mykje av parkeringsarealet på private hender, kan det vere vanskeleg å utvikle delar av slike område til attraktive byrom eller fortette med nye bygningar. Ein parkeringspolitikk som gir klåre retningslinjer for forvaltning og bruk av parkeringsarealet kan vere eit tiltak for meir attraktive byrom. Vidare er det behov for fleire fellesløysingar, slik at parkeringa i mindre grad blir bestemt av kvar den enkelte tykkjer det passar best å sette frå seg bilen.

Gode grep



Konsentrere og optimalisere parkeringsareal

Tiltak, arbeidsmåtar & verktøy

- * Utvikle nye utformingar på parkeringsplassar, med fokus på behova til fotgjengarar
- * Gi mogelegheit for fleksible parkeringsplassar, som kan ha ulike funksjonar gjennom døgnet eller året - alt etter behov
- * Eksperimentere med ulike former for parkeringsrestriksjonar og måle effekten
- * Etablere foreningar/partnarskap, som kan skape felles parkeringsløysingar og forbetringar av byrommet til fordel for eit meir aktivt byliv
- * Integrere parkeringsplassar i byggeplanar
- * Etablere parkeringsfond
- * Etablere attraktive nettverk for gåande og syklistar i sentrum

Inspirasjon

Iveland bygger landsby med bilfri sone

«Skal vi bygge tett og ha det bilfritt på tunet, må bilane under jorda», seier ordførar i Iveland i Aust-Agder, Gro Anita Mykjåland. Iveland, med 1300 innbyggjarar, har klare strategiar for tettstadsutviklinga i kommunenesenteret Birketveit. På ei vel fire dekar stor tomt utviklar dei bustadar, næringslokale og offentlege funksjonar; som et landsby-tun. Og under tunet: Ein parkeringskjellar med 24 parkeringsplassar. Målet er at fleire kan bu slik at dagleg gjeremål kan nåast til fots eller på sykkel.

Satsinga inkluderer også meir bruk av el-bil og el-syklar. Parkeringstilbodet er knytt til leilegheitene i landsbykonseptet - mange leilegheitar blir selde med ein plass i parkeringskjellaren. Iveland kommune har forskotert kostnadane med infrastruktur og parkeringskjellarar. Dette blir betalt ned etter kvart som leilegheitskjøparar flyttar inn. Parkering under landsbytorget har frigjort areal som skal utviklast til eit bilfritt park- og torgområde. Her er det planlagt møteplassar for både bebuarar, innbyggjarar og andre. Trygge

og bilfrie bu- og oppholdsmiljø midt i sentrum, nært knytta til matservering, opplevelingar og gode leikemulegheiter er viktige kvalitetar, meiner Mykjåland. Det er alt positive resultat: 15 leilegheitar i landsbykonseptet er selde, og mange barnefamiliar har flytt inn. I dei nye næringslokala har daglegvarebutikken etablert seg, med auka omsetnad på 40 prosent det første år. I tillegg er det kome nye tilbod; ein interiørbutikk, og ein etterlengta kafé. Folkebiblioteket, som tidlegare heldt til i 3.etasje i kommunehuset, er også flytt inn i dei nye lokala.



Foto: OER Eiendomsutleie

6 / Vanskeleg å bli kvitt bilen

Dilemma: Fleire folk som går, syklar og reiser kollektivt vil bidra til gateliv og aktivitet, og mindre forureining. Det er derimot vanskeleg å endre transportvanar og infrastruktur.

Bilen som prioritert reiseform

Sidan 1960-talet er bilen den mest føretrekte forma for transport. Medan nokre byar opplever ei oppblomstring av folk som syklar, er bilen framleis mest dominerande i småbyar der avstandane er så store at det ikkje blir oppfatta å vere noko alternativ. Det er ikkje enkelt å redusere bilkøyring og interntrafikk i småbyen. Det handlar om bilkøyring som kultur, men også om infrastruktur. Når småbyen først er planlagt og tilrettelagt for bilen, kan det vere vanskeleg å få til endringar. Det finst få døme på småbyar som har hatt suksess med å redusere biltransporten.

Mangelfulle tilbod til gåande og syklande

Mange småbyar har ikkje eit samanhengande nettverk av infrastruktur for syklistar. Gang- og sykkelstiar som er etablert går ikkje gjennom sentrum, men stoppar ved bygrensa. I mange småbysentrum er gater og vegar tilrettelagt for bilar, meir enn for gåande og syklande. Parkeringa dominerer, og ein er ikkje merksam nok på kva som gjer at folk vel å gå eller sykle. Tryggleik, komfort og positive opplevingar undervegs er alle moment som påverkar den opplevde reisetida. Når ein arbeider med å endre transportvanane til folk, er dette viktig å forstå.


Folk med ulike behov

Tilbodet innanfor kollektivtransport er ikkje godt utbygd i mange småbyar. Det er ei utfordring med tanke på å skape berekraftige småbyar, men også i høve unge og eldre. Desse gruppene er avhengig av godt utbygd kollektivtransport for å kome seg rundt. Difor er god planlegging og variert, lokalt tilpassa tilbod innanfor kollektivtransport viktig når ein skal skape eit attraktiv bumiljø for folk i alle livsfasar.

Finansiering fordelt over tre nivå

Lite kundegrunnlag for kollektivtransport i utkantane fører til at det kan bli vanskeleg å finansiere eit godt tilbod. Ekstra utfordrande blir det når finansieringa innanfor kollektivtransport er fordelt over tre nivå; kommunale, regionale og statlege. Det er difor avgjerande med sams spel på tvers.

Gode grep



Sammenhengande og attraktive gang- og sykkelnettverk integrert med knutepunkt

Tiltak, arbeidsmåtar & verktøy

- * Samordne arealplanlegging og transportplanar med fokus på fortetting omkring bysentrum
- * Kartlegging av ferdelsvanar - både gåande, syklistar, bilistar og brukarar av kollektivtrafikk
- * Kampanjar, som kan inspirere til endring i transportvanar
- * Etablere integrerte og attraktive gang- og sykkelnettverk - både til og fra sentrum og innanfor sentrum
- * Etablere alternative snarvegar gjennom bustadområde eller natur- og friluftsområde for syklistar og gåande
- * Gjer ein konsekvensanalyse som seier noko om den sosio-økonomiske nytten av investeringar i kollektivtrafikk og infrastruktur for syklistar og gåande

Inspirasjon

Sykkelbyen Alta

I ein av dei nordlegaste byane i Noreg er sykkelbyen Alta etablert. Kommunesenteret er med sine 14 430 innbyggjarar, den største tettstaden i Finnmark. Kommunen har gjennomført eit femårig prosjekt, med det føremål at det skal vere enkelt og attraktivt å sykle i Alta. Prosjektet har hatt fokus både mot skular, arbeidsplassar og fritid. Det er gjennomført ulike typar tiltak, både fysiske tiltak, tilrettelegging, kampanjar og aktivitetar for ulike målgrupper. Eit av måla har vore å styrke sykling året rundt. Alta fekk Statens bymiljøpris for sitt arbeid i 2014. Arbeidet starta som eit prosjekt, men går over til fast form frå 2016. På denne måten skal arbeidet med å halde oppe entusiasmen i byen, førast vidare. Kommunen har vore flinke til å motivere folk i alle aldrar til å ta sykkelen i bruk året rundt. I tillegg har dei retta søkjelyset mot samanhengane mellom fysisk planlegging og folkehelse og soikt nye vegar for å oppnå klart målbare resultat.

Døme på tiltak er: Sykkelparkering både ved skular og bedrifter, sykkelteljing på utvalde stadar i byen, aktivitetsløype ved skulane, sykle til jobben-kampanjar, sykkelkart, utlån av syklar slik at folk kan prøve ut alternative syklar. I tillegg er det laga plan for vedlikehald og opprusting av eksisterande sykkelvegar, samt nytt samanhengande gang- og sykkelvegnett og snarvegar.



7 / Introverte småbyar

Dilemma: Ein attraktiv og berekraftig småby er avhengig av godt samspel med andre byar og tettstadar, men samarbeidet kan vere vanskeleg dersom byane konkurrerer om tilflytting, nyetableringar og handel.

Dei regionale ressursane

I dag lever dei aller fleste det ein kan kalle "regionale liv". Dei studerer eller arbeider på ein stad, bur på ein annan stad og tilbringer deler av fritida på ein tredje stad. Det er viktig å ha denne livsforma, rørslene og dynamikken i tankane når ein skal utvikle attraktive og berekraftige bymiljø. Byar, uansett storleik, er ikkje isolerte einingar. Dei er ein del av ein region, og blir dermed i ulik grad, påverka av andre. Kunnskap om akkurat dette er ei viktig føresetnad for moglegheitene småbyen har til utvikling.


Internkonkurranse svekkar

Mange småbyar opplever at det er vanskeleg å etablere regionale samarbeid. Dei konkurrerer om dei same investeringane. Konkuransen handlar ofte om kva slags byar som kan tiltrekke seg flest handlande, og kor dei nye arbeidsplassane skal etablerast. Handel og næring utgjer naturleg eit viktig grunnlag for om småbyen skal utvikle seg og overleve, men konkurransen øydelegg for samarbeid om mange andre viktige forhold som: Overordna lokaliseringsspørsmål, parkering og kollektivtransport, og erfaringsutveksling omkring gode verktøy og løysingar innanfor det kommunale planverket.

Det regionale samspel

Varierte og tett integrerte bu- og arbeidsmarknadar styrkar utviklinga i småbyen og i regionen. Mykje tyder på at behovet for større arbeidsmarknad vil auke, fordi næringslivet har behov for spesialkompetanse og fordi arbeidstakrar med høgare utdanning, stiller krav til jobbinnhald og mogelegheiter for jobbskifte. Regionar blir større på grunn av betre kommunikasjon og pendling. Men pendling har også konsekvensar; både for menneske og miljø. Viktige spørsmål å stille i denne samanheng, er korleis eit sterkare regionalt samspel og samarbeid kan møte slike ulemper. Det er viktig med felles strategiar og satsing for heile regionen. Dei involverte må bli samde om bruk av lokale og regionale verkemiddel.

Gode grep



Regionalt samarbeid som kan synleggjere rolla til den enkelte byen

Tiltak, arbeidsmåtar & verktøy

- * Utvikle regionale strategiar og visjonar i samarbeid med andre småkommunar
- * Dyrke fram nye regionale nettverk mellom kommunar, organisasjonar og verksemder på tvers av geografiske grenser med fokus på tema som næringsutvikling, turisme, utdanning, etc.
- * Klare statlege og regionale retningsliner for midlar til utvikling av lokale og regionale sentrum
- * Styrke den kommunale rolla som høyringspart i høve til regionale strategiar og planar
- * Innføre det regionale perspektivet i kommuneplanar
- * Identifisere og satse på regionale tilvekstmotorar
- * Arbeide for å gjere regionen større for å gjere ressursane meir tilgjengelege

Inspirasjon

Samspelkultur i byregionen Sogndal

Utviklinga av Sogndal, Sogn og Fjordane, skjer ut frå ei klårt definert regional rolle som regionsenter med utdannings- og studietilbod, handel - og servicefunksjonar for regionen Sogn. Samstundes har omlandskommunane Luster og Leikanger sentrale roller i veksten av regionen. Leikanger er administrasjonsstad for statleg og fylkeskommunal forvaltning. Luster er ein sterk næringskommune.

I dag er det eit utstrakt tenestesamarbeid, og gjennom det nasjonale Byregionprogrammet skal dette utviklast med strategiar for stadkvalitetar og dynamikk mellom stadane med tanke på å styrke dei enkelte stadane og auke den samla aktiviteten i regionen

Regionalt samarbeid skjer også på prosjektnivå, der ein gjennom samarbeid på tvers av miljø og fagområde utviklar ein samspelkultur. Fosshaugene Campus er eit slikt døme. I og rundt fotballarenaen til elitedivisjonslaget

Sogndal, lever fotballklubben saman med idrettssenter, høgskule, vidaregåande skule, forsking, næringsapparat, private bedrifter og inkubatorverksemder. Synergiane i bygga veks i takt med bygga, og snart kjem endå eitt. Det bygget skal mellom anna huse det kommunale næringsapparatet, offentlege innovasjonsmiljø og eit blomstrande gründermiljø. Mange i miljøet er unge voksne som flyttar til regionen.



Foto: Falkeblikk A/S

8 / Den globale småbyen

Dilemma: Det aukande talet på innvandrarar i norske småbyregionar blir ikkje alltid sett på som ein ressurs. Auka migrasjon og mangfald utfordrar difor småbyen si rolle som sosial møtestad og arena for inkludering og utvikling.

Krafta i sosiale nettverk

Manglande sosiale nettverk er ei stor utfordring for alle tilflyttarar. Deltaking i sosiale nettverk og fellesskap er viktig for opplevelingar folk har av ein stad. Samstundes har innvandrarar særlege utfordringar. Dei skal gjerne bli kjende med kultur og levemåte, i tillegg til folk på staden og deira veremåte.

Frå studiar om utanlandske tilflytting veit vi at innvandrarar som blir kjende med folk som bur på staden og tek del i det sosiale livet på staden, lettare finn seg jobb, tek utdanning og etablerer seg i eigen bustad. Tilgangen til sosiale nettverk er difor ein viktig faktor for vellukka inkludering, auka busetnad og deltaking. Mangel på samhandling kan føre til at innvandrarane og lokalbefolkinga lever side om side, i staden for saman i eit breitt fellesskap.

Globale møtestadar i småbyen

Mange sosiale nettverk i småbyane kan vere godt forankra og satt saman av menneske som har kjent kvarandre i lang tid. Å opne desse nettverka for nye innbyggjarar og samstundes skape grobotn for at nye nettverk oppstår, stiller krav til ulike typar møteplassar. Mange innvandrarar har tradisjon for at det sosiale livet føregår i det offentlege rommet. Kaféar og eteplassar kan fungere som slike uformelle arenaer. Samstundes er det også behov for ikkjekommersielle møteplassar, som inviterer til aktivitet og til kontakt mellom menneske

– på tvers av etniske, sosiale og kulturelle skilje. Biblioteket er ein slik arena, og fleire kommunar satsar på å utvikle biblioteket som ein viktig møteplass for alle. Kyrkja og andre religiøse bygningar utgjer også ein viktig arena for fellesskap og sosiale møte mellom ulike kulturelle grupper, og dermed også for inkludering av innvandrarar. Ein aukande innvandrarbefolknings utfordrar småbyane til å ta inn den fleirkulturelle dimensjonen i by- og sentrumsutviklinga.

Få innvandrarane aktive i organisasjonslivet

Lag- og organisasjonslivet står sterkt i Noreg, og spelar ei viktig rolle i sosial nettverksbygging. Det er likevel ein liten del av innvandrarane som deltek i organisasjonslivet. Det seier noko om småbyen sitt behov for eit breiare perspektiv på kva det sosiale rommet kan vere for ulike menneske. Utforminga og tilrettelegginga av fysiske møteplassar skal tilfredsstille ulike behov frå mangfoldige brukargrupper. Kunnskapen om korleis småbyen utviklar sine gode fleirkulturelle fellesskap, finst hjå målgruppene sjølv. Det er særleg viktig for småbyen å invitere innvandrarar til å kome med innspel og vere aktiv med i utviklinga av småbyen. Innvandrarar manglar ofte kunnskap om korleis det norske samfunnet fungerer. Det krevst difor ein annan innsats å involvere dei til å kome med innspel.

Gode grep



Styrke og utvikle ikkje-kommersielle møtestadar (både ute og inne)

Tiltak, arbeidsmåtar & verktøy

- * Varierte og fleirfunksjonelle parkar/uterom som inviterer til sambruk og samhandling mellom folk med ulik alder, bakgrunn og behov
- * Biblioteket er eit døme på fleirfunksjonelle lokale, som kultursenter og møtestad for frivilleheit og kulturaktivitet i brei form.
- * Strategisk bruk av kunst, kultur og handverkstradisjonar som felles språk på tvers av skillelinjer
- * Mobilisere frivilligorganisasjonar som sosiale nettverk for nytiflytte i småbyen
- * Fokus på at medborgardialog inkluderer og særskilt rettast mot grupper som elles ikkje blir høyrde

Inspirasjon

Sortland - Kulturfabrikken som møteplass

Sortland kommune har 10.166 innbyggjarar og ligg i Vesterålen, Nordland. Sju prosent av folkesetnaden har innvandrarbakgrunn. Mange studiar peiker på at innvandrarane er særleg opptekne av at det finst sosiale og uformelle møteplassar i sentrum. For å imøtekomme innbyggjarar med ulik kulturell bakgrunn, har Sortland arbeidd med å etablere sosiale og uformelle møteplassar i sentrum.

Kulturfabrikken, som opna oktober 2014, er eit eksempel på dette. Kulturfabrikken inneheld kino, galleri, museum, kulturskule, verkstadar, frivillesentral og vaksenopplæring, samt to store fleirbruksalar. Midt i bygget er det bibliotek og kafé. Vaksenopplæringa med norskopplæring for flyktingar ligg i Kulturfabrikken, og er dagleg møteplass. Alle kan bruke delar av kaféen til å ete medbrakt mat, slik at dei blir ein del av den sentrale møteplassen uavhengig av om dei brukar penger eller ikkje. Biblioteket blir brukt mykje av innvandrarar då det er nettilgang der og det er lett å få hjelp av dei tilsette på biblioteket. Kulturfabrikkens venner har midlar som det kan søkjast om for å dekke leige av lokale i Kulturfabrikken. Innvandrarar bruker huset i stor

grad, men deltek mindre på frivilleige aktivitetar på kveldstid. Kommunen har satt søkjelys på integrering ved at søknadar som gjelder integrering er prioriterte. Frivilleheitssentralen er ein del av Kulturfabrikken. Dei arrangerer kurs som bringer innvandrarar og nordmenn saman. I følgje Sortland kommune seier innvandrarar som bur på Sortland at Kulturfabrikken fungerer som ein god møtestad. Dette gjør at dei blir ein del av bybiletet og daglelivet i bysentrum. Sortland kommune har i val av funksjonar og aktivitetar som ligg i Kulturfabrikken, lagt til rette for at huset skal fungere som ein integreringsarena og ein uformell møteplass - også for innvandrararne.



Foto: Sortland Frivillighetssentral

9 / Manglande ressursar og kompetanse

Dilemma: Mange småbyar har fokus på å skape attraktive bymiljø med parkar, gater og møteplassar, men manglar ofte ressursar og kompetanse til å gjennomføre planane. Småbyane vegrar seg også for å sette kvalitetskrav, i frykt for å skremme vekk utbyggjarar.

Byplanlegging i småbyar

Kommunen har eit særskilt ansvar for å ta på seg oppgåva som samfunnsbyggjar. Men samfunnsplanlegging blir til tider redusert til arealplanlegging, og ein mister difor mogelegeheter for å påverke utviklinga av byen og regionen. I dei mindre kommunane er det ofte berre nokre få personar som arbeider i planavdelingane. Dette kan føre til dårlige vilkår for kunnskapsdeling og sparring. Når planmiljøet er lite, er det særleg viktig å spele på interne ressursar på tvers av faggrenser, og ta i bruk den samla kompetansen som finst i kommuneorganisasjonen. Det vil også redusere risikoen for «silo-tenking» og bidra til meir heilskaplege løysingar. I ein kvardag med mange rutineoppgåver kan det i tillegg vere vanskeleg å tilegne seg ny kunnskap og inspirasjon. Avgrensa kunnskap om alternative løysingar kan gjere det vanskeleg å stille krav til private entreprenørar, eller forklare innbyggjarane kvifor kommunen handlar som den gjør.

Samspelet mellom administrasjonen, politikarar og private aktørar

I småbyar er avstanden mellom politikarar og kommuneadministrasjonen liten. Likevel er ikkje alltid samarbeidet, som grunnlag for å realisere visjonane og strategiane som er utvikla, til tades. Fellesdiskusjonar om korleis småbyen skal

utvikle seg, kan ofte vere mangelvare. Det er også utfordrande for planleggjaren fordi ein då manglar dialogen og felles forståing for kva som skal vere dei gode løysingane. Godt samspel mellom kommunen og private aktørar er særleg viktig for småbyutviklinga. Det utfordrar rolla til planleggaren, som i større grad sjå seg sjølv som prosessleiar med vekt på dialog og samhandling, enn kva planleggarrolla tradisjonelt har gjort.

Eldsjeler som neglisjert ressurs

Dei få byplanfaglege ressursane som finst i småbyar, er viktige for å mobilisere engasjementet kring byen blant innbyggjarane. Det kan diverre fort skje at dei mange andre oppgåvene som også skal løysast, fører til at dialogen og involvering av innbyggjarane blir nedprioritert. Administrasjonen klarer kanskje dermed ikkje å kople på folk som har lyst til å bidra til utvikling av byen.

Planar og visjonar blir ofte presenterte gjennom tradisjonelle folkemøte. Personane som deltek på slike møte representerer ikkje alle innbyggjarane, og dermed er det ikkje nødvendigvis dei lokale eldsjelene som blir involvert i utviklinga av byen.

Gode grep



Utvikle nye typar av partnarskap og arena for samspel

Tiltak, arbeidsmåtar & verktøy

- * Etablere tettare samarbeid med fylkeskommunen i høve til å sikre både kompetanse- og ressursløft
- * Tett samarbeid mellom kommune og private utbyggjarar, for å skape felles kultur og forståing av kvalitet i byutviklinga
- * Hente inn kunnskap utanfrå om samanhengen mellom kvalitet og verdiskaping, slik at utbyggjarane kan sjå at det løner seg
- * Etablere faglege nettverk mellom kommunar for å dele erfaringar og løysingar
- * Aktivere dei mange frivillede i småbyen, som ein ressurs i utviklingsprosessen
- * Byggje nye fora for samspel, der ei brei - og ikkje berre den vanlege - gruppa kan delta
- * Skape felles framtidsbilete og dele erfaringar om dei gode løysningane tidleg i prosessen mellom politikarar, byråkratar og private utbyggjarar. Til dømes gjennom studieturar.

Inspirasjon

«Ut for å lære, heim for å gjere» i Fosnavåg

Med eit innbyggjartal på 3500 er Fosnavåg i Herøy kommune, Møre og Romsdal, medvitne på å dra den rette kunnskapen og kompetansen til byen. Ny kunnskap og nytenkning har vore klare prinsipp i ein visjonsprosess, som har resultert i eit klart mål om å bli ein spydspiss innanfor berekraftig byutvikling. «Det handlar om å jobbe kunnskapsbasert, søkje kunnskap og dele kunnskap. For Fosnavåg har det mellom anna vore viktig med prosessar som opnar opp for å sjå staden utanfrå, og at lokalpolitikarane blir inkludert i kunnskapsløftet for staden», seier utviklingsleiaren i Herøy kommune, Jarl Martin Møller. Parallelloppdraget «blikket utanfrå» der dei fekk forslag frå tre fagmiljø om byutvikling, har vore eit viktig grep for Fosnavåg og gir no retning og prioritering i det vidare arbeidet.

- Samstundes har medverknad og deltaking frå næringsliv og lokalsamfunnet vore ein viktig del av prosessen. «Politikarane må koplast på heile

vegen og samarbeidet med næringslivet må prioriterast. «På mange måtar er vi ikkje lenger planleggjarar, men prosessleiarar som legg til rette for gode løysingar i samhandling», meiner utviklingsleiaren. Eit anna viktig verktøy har vore studieturar til nabobyar og byar utanfor landegrensene. «Vi må sjå det same, deretter reise heim og gjere våre ting», seier Møller.




Foto: Harald M. Valderhaug for Herøy kommune

10 / Vanskeleg å gå frå visjon til realisering

Dilemma: Det kan vere lett å vere samde om visjonane om å skape ein attraktiv småby, men det er når visjonar skal realiserast, kanskje gjennom upopulære tiltak, at det kan oppstå mishøve mellom det kortsiktige og det langsiktige perspektivet.

Lokaldemokratiet

Byutvikling krev mellom anna planlegging med langsiktig perspektiv, felles delmål og mål, prioriteringar og pengar. I eit slikt arbeid kan det fort oppstå utfordringar mellom utålmodige, kommunale politikarar som er valde for fire år av gangen, og administrasjonen som er vande med meir langsiktige perspektiv. Sidan det politiske leiarskapet ikkje er konstant, kan det føre til vanskar med å realisere visjonar andre har satt før noverande leiing kom til makta. Utålmodige politikarar kan få det travelt med å syne til konkrete og populære resultat i perioden.

Små forhold og tette band kan vere både positivt og negativt. Tette og nære band mellom politikarar og innbyggjarar kan vere utfordrande med omsyn til habilitet og påverknad. Ein skal ha mot til å styre beinhardt etter ein felles valt strategi, sjølv om det vil føre til upopulære tiltak.

Det tette forholdet kan også vere ein styrke fordi det kan skape engasjement og felles eigarskap i utviklinga av småbyen.

Uklare visjonar

Visjonar om den attraktive småbyen kan lett oppfattast som diffuse og lite konkrete. Det kan føre til at politikarar på tvers av partipolitiske skillelinjer kan vere samde om visjonen, ein visjonsplan, men kan bli sterkt usamde i korleis det skal konkretiserast i form av handlingar for å nå målet.

Det lettar arbeidet om ein bruker tid på å diskutere kva ein legg i omgrepa "attraktivitet" og "berekräftig", slik at politikarar og administrasjon har felles forståing.

Manglande prioritering

Det er sjeldent mogeleg å gjennomføre alle delar av ein visjon, spesielt i småbyar med manglande ressursar. Difor er det avgjerande med prioriteringar for ikkje at dei overordna visjonane skal forsvinne. Som eit resultat av manglande prioritering kjempar mange småbyar med å vite når dei faktisk er i mål. Diskusjonar om delmål alle kan einast om, er viktig for å halde stø kurs mot målet i visjonen; til dømes:

"Attraktiv og berekräftig småby – som det skal vere godt å bu i."

Gode grep



Støtte visjonsprosessar - både ovanfrå og nedanfrå

Tiltak, arbeidsmåtar & verktøy

- * Etablere prosessar som konkretiserer visjonar og skaper høve for å prioritere innsats
- * Skape felles framtidsbilete tidleg i prosessen mellom politikarar, byråkratar og private utbyggjarar
- * Skape forståing av kva som verkar - både gjennom pilotprosjekt der idéar blir testa, samt gjennom målingar av effekt. Vis fram delresultata
- * Administrasjonen i kommunen kan bidra med å så idéar, som kan mognast over tid hjå politikarane
- * Byggje opp tillit mellom ulike aktørar, som kan hjelpe, når dei vanskelege sakene kjem til pol
- * Kombinere raske resultat med langsiktige tiltak, og feire begge delar
- * Kombinere upopulære tiltak med meir populære tiltak

Inspirasjon

Lange linjer og felles visjonar i Ulsteinvik

Ulsteinvik i Ulstein kommune, Møre og Romsdal, er eit eksempel på ein langsiktig prosess. Arbeidet resulterte i Statens pris for attraktiv stad i 2012. Grunnen vart lagt i 1999 med ein sentrumsanalyse, som i 2000 vart følgt opp med vedtak om å ruste opp sentrum og å gi Ulsteinvik formell bystatus. Vidare vart deltakinga i det nasjonale Tettstedsprogrammet (2001-2005) eit godt høve for kommunen til å vurdere si eiga rolle som utviklingsaktør. Programmet førte til endringar i arbeids- og tenkemåte, medvitgjering rundt verdien av samarbeid mellom private og offentlege aktørar, utvikling av ein sterk «virkultur» og tru på kva som er mogeleg å få til saman. Rådmann Einar Vik Arset er stolt over byutviklinga i Ulsteinvik, men understreker at dette er lange, krevjande prosessar og lite «quick-fix». Då er det særleg viktig å ha ein felles visjon å halde fast i, og samstundes konkrete mål som gjer at politikarar, administrasjon, næringsliv, frivillegheta og innbyggjarane har felles forståing av retning og tek eigarskap til prosjekta. «Vi har teke små steg, men har heile vegen hatt ei overordna plan for kva vi ønskjer å oppnå», seier Arset.



Foto: Per Eide



Foto: Himmelhøgt

Referansar

Denne lista syner rapportar, analysar og undersøkingar referert til under workshop "Attraktive og berekraftige bumiljø i småbyar ".

"Framtidens bygder. Del 1". Norske arkitekters landsforbund (NAL), 2014.

"Sysselsetting av innvandrere – regionale muligheter og barrierer for inkludering". NIBR, 2015.

"Derfor blir vi her – innvandrere i distrikts-Norge". NIBR, 2012.

"Følgeevaluering av Groruddalssatsningen". Underveisrapport 3. Econ-rapport nr. R-2010-096.

"Kunnskabsstatus. Handel, tilgjengelighet og bymiljø i sentrum." TØI rapport 1400/2015.

"Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging". Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2015.

"Resenärernas önskemål och behov". SOU 2003:67.

"Attraktive og klimavennlige mellomstore byer". CIENS Rapport 2-2012.



